

Samisk handverk

Samane har sitt eige handverk. På nordsamisk heiter det *duodji*, på lulesamisk *duodje* og på sørsamisk *duedtie* eller *vætnoe*.

Dei fleste av materiala i duodji kjem frå naturen. Det kan vere skinn, pels, tre, røter, horn og bein. Reinsdyr, glasperler, tinn og ull har òg vorte brukte i duodji.

Av alle desse materiala kan ein til dømes lage vottar, tepper, klede, sko, smykker, ski, knivar og utstyr til ski og pulk. Form og fargar varierer frå stad til stad.

Tidlegare vart mange samar lært opp i duodji frå dei var barn. Slik vart kunnskapen om samisk handverk overført frå generasjon til generasjon.

I dag kan samar lage det same som for mange hundre år sidan.



En kaffepose.

Det er strenge reglar for kva som er ekte duodji. Ein som utøver duodji vert kalla ein duojár.

Duodji er viktig for samisk kultur og identitet.

Spørsmål til teksten:

1. Kva heiter samisk handverk på samisk?

2. Gje minst tre døme på material som vert brukt i samisk handverk.

3. Kvifor kan samane lage det same som for mang hundre år sidan?

4. Kvifor trur du samisk handverk brukar material frå naturen?
